



Fyresdal kommune Sektor for kultur og oppvekst

I løpet av eit barnehage år, dukkar det opp situasjonar der vi treng samtykke frå foreldre/føresette. I tillegg er det informasjon som er viktig for oss i barnehagen at er korrekt oppdatert i vårt administrasjonssystem til ei kvar tid. For å effektivisere dette arbeidet, både i barnehagen og heimen, har vi samla alt i dette opplysningsarket vi sender ut i starten av barnehageåret. Vi ynskjer å gjere dette som ei fast rutine. Ber om at de les gjennom, kryssar av/fyller ut, signerer og leverar tilbake til avdelinga. Ta kontakt med barnehagen om det er noko de lurar på!

Samtykke til barnehagen 2018-2019

Namnet på barnet::

Leverast til pedagogisk leiar, seinast torsdag 10. september 2018

Underskriftene nedanfor vil gjelde for barnehageåret 2017-2018.
Ved eventuelle endringar i løpet av året, gje beskjed til pedagogisk leiar på avdelinga.

1. Utandørs bading

Utandørs bading føreset at visse reglar blir følgde, m.a. skal det vere med tilsette som har gjennomført livbergingskurs i løpet av det siste året. Utandørs bading krev godkjenning av føresette.

- | | Eg/vi tillet at barnet mitt/vårt kan bade utandørs.
- | | Eg/vi tillet **ikkje** at barnet mitt/vårt kan bade utandørs.

Dato og underskrift:

2. Vanntilvenning i basseng, innandørs

Bading i basseng føreset også at tilsette har gjennomført livbergingskurs i løpet av det siste året.

- | | Eg/vi tillet at barnet mitt/vårt kan bade i basseng.
- | | Eg/vi tillet **ikkje** at barnet mitt/vårt kan bade i basseng.

Dato og underskrift:

3. Passasjer i private bilar

I løpet av eit barnehage år kan det vere slik at barnehagen ynskjer å nytte private bilar til turar. Ved slik transport blir det understreka at sjåførane (tilsette/føresette eller andre) må vere ekstra nøye med å fylgje alle trafikkreglar.

- | | Eg/vi tillet at barnet mitt/vårt kan vere passasjer i privatbil.
- | | Eg/vi tillet **ikkje** at barnet mitt/vårt kan vere passasjer i privatbil.

Dato og underskrift:

4. Bilete av barn

I ulike høve, slik som på heimesida til barnehagen og rapportar frå barnehagen o.a. ynskjer vi å kunne bruke foto av barnet. Vi vil vere varsame i bruken av dette. I størst mogleg grad vil vi halde oss til oversiktsbilete/gruppebilete. Vi ber likevel om lov til å bruke foto.

- Eg/vi tillet at barnet mitt/vårt kan offentleggjerast i media.
- Eg/vi tillet **ikkje** at barnet mitt/vårt kan offentleggjerast i media.

Dato og underskrift:

5. Videoopptak av barn

I visse høve kan det vere aktuelt å filme ulike leikesituasjonar og eller læringssituasjonar. Opptaka er berre til internt bruk, og blir sletta etter at perioden er over.

- Eg/vi tillet at barnet mitt/vårt kan filmast i læringssituasjonar.
- Eg/vi tillet **ikkje** at barnet mitt/vårt kan filmast i læringssituasjonar.

Dato og underskrift:

6. Kontakt med heimen

Barnehagen ynskjer til ei kvar tid å ha ein oppdatert oversikt over telefonnummer og e-postadresser som heimen kan nåast på. Det er til stor hjelp om du/de fyller ut tabellen under:

	Namn	Telefon	E-post
Føresett 1			
Føresett 2			

7. Barn som ikkje bur saman med både føresette til dagleg

Det er viktig at barnehagen har korrekte opplysningar om kven vi skal vende oss til i ulike situasjonar. Kryss derfor av for den som har det daglege ansvaret for barnet, og som vi skal kontakte/vende oss til til vanleg. Har de delt omsorg, slik at barnet er om lag like mykje begge plassar, kryss av i både felta.

	Kryss av	Adresse
Føresett 1		
Føresett 2		

Dersom de vil at informasjon, innkallingar til foreldremøte o.a. skal gjevast både føresette, må fullstendige opplysningar om adresse fyllast inn

8. Matallergi/andre allergiar

Barn i barnehagen får både kald- og varmmat i barnehagen. Derfor er det svært viktig for oss å vite om barnet har matallergiar vi treng å ta omsyn til.

- | Nei, mitt/vårt barn har ingen matallergi.
- | Ja, mitt/vårt toler **ikkje**:

Fyll inn:

Er det nokre matvarer barnet av religiøse årsakar ikkje skal ete:

- | Nei, det er det ikkje.
- | Ja, barnet mitt/vårt skal **ikkje** ete:

9. Andre allergiar

Har barnet andre allergiar det kan vere nyttig for barnehagen å vite om (t.d. insektsbitt, planter, dyr)?

- | Nei, mitt/vårt barn har ingen andre allergi.
- | Ja, mitt/vårt barn er allergisk mot:

Fyll inn:

10. Riding

I løpet av eit barnehage år har barnehagen ved ulike høve hatt besøk av hest slik at barnet kan få prøve å ri. I samband med bruk av hest vert sikkerhet og rutiner nøye understreka.

- | Eg/vi tillet at barnet mitt/vårt kan få ri.
- | Eg/vi tillet **ikkje** at barnet mitt/vårt får ri.

Dato og underskrift:

11. Sykkel

I løpet av eit barnehageår ønskjer barnehagen å nytte sykkel til turar. Ved bruk av sykkel er det ein føresetnad at det vert bruka hjelm, refleksvest og at sykkelen er i forskriftsmessig stand. Det er også viktig at barn får opplæring og meistrar det å sykle.

- | Eg/vi tillet at barnet mitt/vårt kan nytte privat sykkel i og utanfor barnehagen.
- | Eg/vi tillet ikkje at barnet mitt/vårt kan nytte sykkel i og utanfor barnehagen.

Dato og underskrift

Fyresdal 20.08.18

Liv Johre-Bakke
Styrar i Fyresdal barnehage